



- Eg har ikkje opplevd maken til bilettsal, fortset det slik i morgen vil alle dei 600 billettane bli seld på under to dagar. Det sa låvedans-arrangør Magne Huglen til uskedalen.no seint måndag kveld.

Det er Vassendgutane som har utløyst rekordsalet av billetter – dei skal opptre på Dønhaug fredag før palmesundag.

Huglen fortel at 100 billetter på bensintasjon var borte før klokka 12 måndag. På Husnes var 100 seld utpå ettermiddagen og på SPAR var eit lager på 100 tomt til kvelden. I dag blir 100 nye billetter lagt ut i Uskedalen og Huglen er spent på kor raskt dei blir borte.

Mykje tyder altså på at Dønhaug får ein knallstart på ein ny "låvesesong" og så spørst det korleis det held fram utover. Huglen har truleg fleire publikumsfavorittar på lager.....



Magne Huglen går sterkt ut – her er han i irsk mundur i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)